Med Arild fokuserte me mest på mål 4 i Upp (Ungdommens planprogram), som går på synlegheita.

Me var innoem temaet heimeside. Arild spurte nokre vanskelege spørsmål, som UFU (eventuelt berre Eorg saman med Agnes+Gard) må finne svar på. Kva vil me ha med på sida? Korleis skal ting sjå ut? Eorg vil lage eit utkast som kan fungere som utgangspunkt. Forslag, endringar, tekst osv. sender me så til Gro Thorvaldsen, via Ingeborg. Ingeborg ynskjer at me lager ein plan for oppdatering, dette vert teke til etterretning.

Me diskuterte og informasjonspakke, der Arild igjen stilte vanskelege spørsmål. Kva vil me ha med? (Visjon, verdiar, formål?) Kva vil me med informasjonspakken? (Rekruttere? Opplyse?) Kva skal vere ein del av informasjonspakken? (Plakatar, pp-presentasjonar osv?)

Cecilie fremma eit forslag for Arild at me får vår egen UFU-logo (lik som UFT, men med UFU), som det blir aktuelt å bruke på visittkorta Gard fremma ynskje om og gensarane det meir eller mindre er bestemt at me vil ha.

Arild tar seg av heile prosessen med ny logo, og gir oss ei tilbakemelding/ny logo. Han trudde ikkje det skule vere noko problem, men han hadde ein sjef.

På møtet vart me einige om at medlemmane (7 stk) får visittkort. Cecilie lagar ei oversikt over kva som skal med på korta, sender dette til Ingeborg, som tar det vidare til trykk. Arild fortalde at dei vanlegvis trykkar 100stk per person, men at dersom nokon på huset synest det var litt mange så reduserer han gjerne talet litt. Korta vil bli sjåande ut som dei vaksne sine kort, med eit par unntak (logo, heimeside, unødvendig med adresse).

Når det gjeld gensarar så såg ikkje Arild noko stort problem med å trykke logoen (ny) på framsida og visjon på baksida av ei langarma t-skjorte (eksempel, eksempel). Det me gjer då er at me får ein ny logo, og bestiller oss gensarar frå ein plass (der me måtte ynskje?). Ingeborg er smart, og finn sikkert ei løysing på dette :) (unnskyld for masse arbeid, Ingeborg)

Thomas og Benedicte fekk vel egentlig hovudansvaret for facebook, men Cecilie ser i skrivande stund ikkje eit problem med at Eorg + Agnes+Gard deler på dette ansvaret og har ein kontinuerlig dialog om kva som kan vere fint å legge ut. (Fullmakt frå UFU?)

Administratorar og kven som kan legge ut ting må oppdaterast. Cecilie ser for seg at ho, Agnes og Gard vert administratorar, medan resten av Eorg + Ingeborg kan leggje ut saker og ting.

Til slutt nemnast det at i sosiale medier fra no av vert brukt #HUFU14 når ein snakkar om UFU :)



Sunnhordland folkehelseforum ynskjer velkommen til fagdag.

## Tema : Barn og unge sin medverknad i utvikling av samfunnet



Tid : 8. april kl. 10 .00 - 15.00  
Stad : Stord Hotell, Kjøtteinsvegen 67, 5411 STORD

Demokratiske samfunn som legg til rette for medverknad og deltaking, er kjenneteikna av høg grad av sosial tillit og sosial kapital. Eit levende demokrati med brei deltaking er eit grunnleggande samfunnsmål. Godt fungerande samfunn veks fram i samarbeid mellom myndigheter, innbyggjarar og sivilsamfunnet. (Folkehelsemeldinga)

Sunnhordland folkehelseforum ønskjer å setje fokus på medverknad som ein ressurs for folkehelsa, og for samfunnsutviklinga generelt. Målgruppa for fagdagen er administrativ og politisk leiing i kommunane og dei som jobbar med plan- og utviklingsarbeid, saman med skuleleiing, tilsette i skulen, elev- og ungdomsrådsrepresentantar, barnerepresentantar, foreldreutval, folkehelseaktørar og andre interesserte.

## Program for dagen:

10.00-10.15:	<b>Opning</b> ved Kjetil Hestad, ordfører i Tysnes
10.15-10.45:	<b>Overordna føringar for medverknad</b> v/ Grete Kathrine Jacobsen, rådgjevar Fylkesmannen i Hordaland
10.45-11.45	<b>Barn og ungdom som aktive deltagere i lokaldemokratiet</b> Eksempler fra et målrettet arbeid for å sikre unges muligheter til medvirkning i Oppegård kommune v/Gro Pernille Smørdal, barne og ungdomskonsulent Oppegård kommune
11.45-12.30	Lunsj
12.30-13.00	<b>Erfaringar frå medverknad i eigen kommune</b> v/ungdomsrådsrepresentantar
13.00-13.30	<b>Barnetråkk</b> v/ Svein Andersland, Akvator A/S
13.30-13.45	Pause m/kaffe
13.45-14.30	<b>Skulen som arena for demokratisering av planprosessar.</b> Presentasjon av prosjekt v/Svein Andersland, Akvator A/S
14.30-14.45	Spørsmål og diskusjon.
14.45-15.00	Oppsummering og avslutning

Påmelding innan 28. mars til: [kara@fitjar.kommune.no](mailto:kara@fitjar.kommune.no)

Fagdagen er gratis 😊

Folkehelsekoordinatorar i Sunnhordland:

Tove Vikanes Agdestein, Stord

Anne-Beth Njærheim, Bømlo

Kari Raunholm, Fitjar

Vibeke Øxnevad Stoltz, Tysnes

Marit Liknes, Sveio

Geir Ove Fosse, Kvinnherad

Til ungdomar mellom 13 og 21 i Hordaland

Sendt til alle ungdomsråd og vidaregåande skular i Hordaland og delegatar på Ungdommens fylkesting 2014.

## **Invitasjon til ungdomsdebatt i jubileumsåret for Grunnlova**

Vi vil vite kva du meiner er viktig for ungdom!

På vegner av Ungdommens fylkesutval i Hordaland og Ungdommens bystyre i Bergen inviterer vi ungdom mellom 13 og 21 år over heile Hordaland til å skrive kva de meiner. Dei beste innlegga kjem på trykk i BT. Alle som skriv innlegg vil bli inviterte til å delta på Ungdommens Allting i Bergen 31.mai. Vi gjer dette i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Bergens Tidende og [Grunnlovsseilasen 2014](#).

Grunnlovsseilasen 2014 er ein ekspedisjon langs norskekysten med det historiske seglskipet Anna Rogde. Seilasen startar i Hammerfest 14. mai og planlagt ankomst til Eidsvoll er 7.juni.

Kva meiner ungdom om vår makt til å påverke? Korleis kan miljøutfordringane løysast og kva kan gjerast for å sikre at Noreg blir eit meir inkluderande samfunn? Vi er på jakt etter kva ungdom i Hordaland meiner. Send inn ditt innlegg til [BTbatt](#) innan 30. april og delta direkte i debatten om Noregs framtid!

Det er i hovudsak tre tema vi vil ha innspel på kva ungdom i Hordaland meiner.

### **MILJØ, KLIMA OG NATURRESSURSAR**

Kva er det viktigaste vi kan bidra med her i vårt lokalsamfunn:

- for å ta vare på miljøet og ressursane i havet for framtida?
- for å unngå at klimaet endrar seg på ein slik måte at framtidige generasjonar får eit problem?
- for å få og dele kunnskap om naturens tilstand og verknadene av inngrep i naturen?

### **DEMOKRATI**

Korleis skal vi her i vårt lokalsamfunn:

- styrke alle sin rett og mulighet til å delta?
- sikre barn og unge sine rettar?
- ta vare på det lokale demokratiet?

### **KULTURELT MANGFALD**

Korleis skal vi her i vårt lokalsamfunn:

- foreine mangfald og fellesskap?
- førebygge etnisk diskriminering?
- ta ansvar for å løyse etniske konflikhtar?

Alle innlegg vil bli brukte som grunnlag til å skrive eit utkast til fråsegn frå ungdom i Hordaland som Grunnlovsseilasen tar med vidare til Eidsvoll. Ein redaksjon med representantar frå Ungdommens bystyre og Ungdommens fylkesutval vil lage utkastet. Dette utkastet til fråsegn blir debattert og endeleg vedtatt på Ungdommens allting i samarbeid med Grunnlovsseilasen.

Vi i Ungdommens bystyre og Ungdommens fylkesutval håpar at du sender inn innlegg og kjem og møter opp ved Bryggen i Bergen 31 mai. Det blir eit spennande program denne dagen. Invitasjonen til allting kjem i starten av mai, men sett gjerne av datoen alt no.

Delta også gjerne i debatt og følg med på våre Facebooksider: [Hordaland Ungdommens Fylkesting](#), [Ungdommens bystyre i Bergen](#) og [Grunnlovsjubileet 2014 i Hordaland](#).

Har de spørsmål, kontakt koordinator for Grunnlovsjubileet i Hordaland fylkeskommune, Laila Melkevoll, epost [laila.melkevoll@hfk.no](mailto:laila.melkevoll@hfk.no) eller mobil: 930 34 668.

Lukke til med skivingal!

Bergen, 02.04.2014

Agnes Bernes (s)  
Leiar i Ungdommens fylkesutval i Hordaland

Narve Nilssen (s)  
Ordførar ungdomens bystyre i Bergen



**UNGDOMMENS FYLKESTING**  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE



**BTBATT**

## Ungdomsdebatt om Grunnloven

**Hvordan styrke demokratiet?**  
**Hvordan løse miljøutfordringene?**  
**Hvordan skal vi forene mangfold og fellesskap?**

BTbatt, Ungdommens fylkesutvalg og Ungdommens bystyre inviterer ungdom til å skrive hva de mener. De beste innleggene kommer på trykk i BT. Alle som skriver innlegg vil bli invitert til å delta på Ungdommens Allting i Bergen 31. mai. Alle innlegg vil bli brukt som grunnlag til å skrive et utkast til en erklæring fra ungdom i Hordaland som Grunnlovsseilasen tar med videre til Eidsvoll.

**Send inn ditt innlegg om Grunnloven før 1. mai!**

*Faximile frå Bergens Tidende, 02.04.2014*



Jfr. vedlagte adresseliste

Dato: 14.03.2014  
Vår ref.: 2014/5-10  
Saksbehandlar: lisadla  
Dykkar ref.:

## Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017

Fylkestinget vedtok 11. mars 2014 *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017*. Nullvisjonen er grunnlaget for trafikksikringsarbeidet i Hordaland, og det er valt ut tre særskilte satsingsområde i handlingsplanperioden. Dei tre særskilte satsingsområda for denne planperioden er:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulukker utanfor tettbygde strom
- Mjuka trafikantar i byområde

Handlingsplanen finn ein på Hordaland fylkeskommune si internettside:

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Samferdsel/Vegar/Trafikksikring---aktuelt/Fylkestinget-vedtok-Handlingsplan-for-trafikksikring-i-Hordaland-2014-2017/>

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Lise Ådlandsvik  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Alle kommunane i Hordaland  
 Avinor Bergen lufthavn  
 Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund  
 Bergen og Hordaland Turlag  
 Bergen og Omland friluftsråd  
 Bergen og Omland havnevesen  
 Bergen Reiselivslag  
 FFO Hordaland  
 Finans Norge  
 Forsvaret Haakonvern MP  
 Framtiden i våre hender  
 Fylkeseldrerådet, HFK  
 Fylkesmannen i Hordaland  
 Hardangerrådet  
 Helse Vest  
 Hordaland barne- og ungdomsråd  
 Hordaland politidistrikt  
 Jernbaneverket Region vest  
 KS Hordaland  
 Kongelig Norsk Automobilklub  
 LOs distriktskontor i Hordaland; Folkets Hus  
 Logistikk og Transportindustriens Landsforbund, Region Bergen  
 MA Hordaland  
 Modalen-Eksingedalen Billag AS  
 NAF Region Vest  
 Nasjonalforeningen for folkehelsen, Fylkeskontoret Hordaland  
 Natur og Ungdom Hordaland  
 Naturvernforbundet Hordaland  
 NHO Hordaland  
 Nobina Norge AS  
 Norges Lastebileier-Forbund  
 Norges Miljøvernforbund  
 Norges taxiforbund avd Bergen c/o Arve Halvorsen  
 Norges taxiforbund avd Hordaland c/o Per Helge Bø  
 Norsk Motorcykel Union NMCU Hordaland  
 Norsk transportarbeiderforbund  
 NSB AS  
 Nettbuss Vest AS  
 Pensjonistforbundet  
 Personskadeforbundet LTN  
 Regionrådet Nordhordland IKS  
 Regionrådet Vest c/o Sund kommune  
 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, HFK  
 Samarbeidsrådet i Sunnhordland  
 Skadeforebyggende forum  
 Statens vegvesen Vegdirektoratet  
 Statens vegvesen Region vest  
 Syklistenes landsforening, Bergen og Omegn  
 Tide Buss AS  
 Trygg Trafikk Hordaland  
 Ungdommens fylkesting, HFK  
 Yrkestrafikkforbundet



Arkivnr: 2014/560-30  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	17/14	11.04.2014

## Kollektivstrategi - høyringsuttale

### Samandrag

Ungdommens fylkesutval er invitert til å kome med ein uttale til Kollektivstrategien til Hordaland fylkeskommune.

Frist for å kome med uttale er 11. april.

### Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å kome med følgjande uttale:

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Adresseliste

Dato: 05.02.2014  
Vår ref.: 2014/278-2  
Dykkar ref.:

## Kollektivstrategi for Hordaland - Høyring

Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune sender med dette Kollektivstrategi for Hordaland ut til høyring.

### Bakgrunn

Som ansvarleg for kollektivtransporten har fylkeskommunen ei viktig og utfordrande oppgåve med å utvikle kollektivtilbodet i tråd med politiske vedtak. Kollektivstrategi for Hordaland skal vise korleis fylkeskommunen vil arbeide for å nå nasjonale og regionale mål for kollektivtrafikken. Utgangspunktet er dei nasjonale og regionale måla om betydeleg vekst i kollektivandelen dei komande tiåra. Den framtidige trafikkveksten i Bergensområdet treng gode kollektive løysingar. Kollektivstrategien skal gi retning for tilbodsutviklinga i vekstområda. Samstundes skal strategien vere grunnlag for korleis kollektivtilbodet skal vere attraktivt og tenleg for innbyggjarane i heile fylket.

Kollektivstrategien skal legge grunnlaget for fylkeskommunen sine prioriteringar og vere styringsdokument for Skyss sitt arbeid med utvikling av kollektivtilbodet i fylket. Det er ein ambisjon at kollektivstrategien skal vere eit innspelsdokument til andre planar og prosessar, også på kommunalt og statleg nivå. Kollektivstrategien er utarbeidd som del av oppfølging av Regional transportplan for Hordaland 2013-24. Kollektivstrategien har ikkje status som regional plan etter plan- og bygningslova.

### Dokumentasjon og fagleg grunnlag

Det er gjennomført fleire delprosjekt for å skaffe dokumentasjon og fagleg grunnlag for arbeidet. Ein viktig del av prosessen har vore involvering på politisk nivå og med samarbeidspartar i stat, kommune og operatørar. Det er arrangert fagseminar, etablert samarbeidsfora og fleire fagetatar og fagmiljø har medverka i arbeidet. Rapportar og presentasjonar frå arbeidet er samla på nettsida [www.hordaland.no/kollektivstrategi](http://www.hordaland.no/kollektivstrategi).

### Handlingsprogram

Kollektivstrategien vil etter vedtak bli følgd opp gjennom eit handlingsprogram, kopla mot budsjettprosessar og andre relevante planprosessar. Handlingsprogrammet vil vise korleis fylkeskommunen vil i verksetje strategiane og konkrete prioriteringar i ein 4-5 års periode.

### Politisk vedtak

Høyringsframlegget er politisk handsama i fylkesvalet 30.01.2014 (FUV sak 7/2014). Fylkesutvalet stiller seg bak framlegg til kollektivstrategi med følgjande vedtak:

1. *Framlegg til Kollektivstrategi for Hordaland gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å utvikle kollektivtransporten i fylket.*
2. *Kollektivstrategi for Hordaland vert sendt på høyring med høyringsfrist 11. april 2014.*
3. *Fylkesutvalet meiner at Kollektivstrategi for Hordaland også bør omtale grensesnittet mot drosjenæringa. I tillegg bør det seiast noko meir om strategien for kollektivtrafikken utanom Bergensregionen, herunder infrastrukturanlegg i anbodsområda.*

### Om høyringa

Hordaland fylkeskommune ber med dette om innspel til Kollektivstrategi for Hordaland. Alle som ønskjer å uttale seg har moglegheit til dette i samband med at saka vert lagt ut på fylkeskommunen sine heimesider knytt til dette arbeidet: [www.hfk.no/kollektivstrategi](http://www.hfk.no/kollektivstrategi).

Vi ber om at eventuelle synspunkt og merknader vert sende oss innan 11. april.

Kontaktperson er prosjektleiar for arbeidet med kollektivstrategien, Gudrun Einbu.

Kontaktinfo:

[gudrun.einbu@skyss.no](mailto:gudrun.einbu@skyss.no)

mob. 991 58 084

Postadresse:

Hordaland fylkeskommune

Skyss

Postboks 7900

5020 Bergen

Fleire eksemplar av dokumentet kan tingast ved å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Skyss.

Håkon Rasmussen  
Fylkesdirektør samferdsel

Oddmund Sylta  
Direktør Skyss

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

*Kollektivstrategi for Hordaland – Høyringsutkast januar 2014*

**Adresseliste**

Alle kommunane i Hordaland  
Avinor, Bergen lufthavn  
Bergen Næringsråd  
Bergen-Nordhordland Rutelag AS  
Bybanen AS  
Fjord1 Partner  
FosenNamsos Sjø AS  
Fylkesmannen i Hordaland  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
Gulen Skyssebåtservice AS  
Jernbaneverket, Bane Sør/Vest  
L. Rødne & Sønner AS  
LOs distriktskontor i Hordaland  
Modalen-Eksingedalen billag AS  
NAF Bergen og omegn  
NAF Hardanger  
NAF Nordhordland  
NAF Voss og omland  
Naturvernforbundet Hordaland  
Nettbuss Vest AS  
NHO Hordaland  
Nobina Norge AS  
Nordhordland Pendlarlag  
Norges Miljøvernforbund  
Norges Taxiforbund avd Hordaland  
Norled AS  
Norsk Bolig og byplanforening  
NSB Persontog  
Osbus AS  
Osterøy Pendlarlag  
Statens vegvesen Region Vest  
Syklistenes Landsforbund Bergen og omegn  
Tide Buss AS  
TurBuss Vest AS  
Ungdommens fylkeesting  
Wergeland AS

Arkivnr: 2014/560-31  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	18/14	11.04.2014

### Rullering av Klimaplanen - høyringsuttale

#### Samandrag

Ungdommens fylkesutval er invitert til å kome med ein uttale til rulleringa av Klimaplanen til Hordaland fylkeskommune.

Frist for uttale er 23. april.

Ansvarlege for Kultur og ressurs, Hedda Hidle og Stine Hegdal, har skrive slikt forslag til uttale:  
«Ungdommens fylkesting stiller seg positiv for Klimaplanen.

Vi ønskjer å kommentere nokon emnar, som står skrevet i Klimaplanen Hordaland.

Vi viser til punkt nummer 5.1.2 Kollektivtransport.

Her er det nemnt at Skyss vil auke kollektivtransporten i kollektivsystemet, få bussene raskare fram gjennom by området. Det vi ønskjer å leggja til, er at det ikkje er nemnt noko om ungdom og transport midlane dei brukar, til og frå fritidsaktivitetar. Kollektivtransporten bør vere attraktiv for ungdom.

Vi viser til punkt 5.1.2 Reisemiddelfordeling.

Det er her nemnt at målet er at det skal vere attraktivt for fleire å gå meir. Så det vi ønskjer å leggja til, er at det blir til rette lagt betre gangfelt og fortau. Med dette ønskjer vi at gamle slitte fortau blir betre stelt, eller fiksa, og gangfelt blir opphøgd eller flyttet til tryggare plasser.

Ungdommens fylkesting ønskjer å få tilrettelagt betre og tryggare skuleveggar.»

#### Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende slik høyringsuttale til rullering av Klimaplanen i Hordaland fylkeskommune:

Ungdommens fylkesting stiller seg positiv for Klimaplanen.

Vi ønskjer å kommentere nokon emnar, som står skrevet i Klimaplanen Hordaland.

Vi viser til punkt nummer 5.1.2 Kollektivtransport.

Her er det nemnt at Skyss vil auke kollektivtransporten i kollektivsystemet, få bussene raskare fram gjennom by området. Det vi ønskjer å leggja til, er at det ikkje er nemnt noko om ungdom og transport midlane dei brukar, til og frå fritidsaktivitetar. Kollektivtransporten bør vere attraktiv for ungdom.

Vi viser til punkt 5.1.2 Reisemiddelfordeling.

Det er her nemnt at målet er at det skal vere attraktivt for fleire å gå meir. Så det vi ønskjer å leggja til, er at det blir til rette lagt betre gangfelt og fortau. Med dette ønskjer vi at gamle slitte fortau blir betre stelt, eller fiksa, og gangfelt blir opphøgd eller flyttet til tryggare plasser.

Ungdommens fylkesting ønskjer å få tilrettelagt betre og tryggare skuleveggar.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Sjå eiga adresseliste

Dato: 24.02.2014  
Vår ref.: 2014/12299-7 «REF»  
Dykkar ref.:

## Høyring av utkast til Klimaplanen for Hordaland 2014-2030

Fylkesutvalet vedtok 20. januar 2014 i sak nr. 31/2014 å senda utkast til klimaplan for Hordaland 2014-2030 på høyring. Klimaplan for Hordaland har status som regional plan i medhald av Plan- og bygningslova § 8-1.

Klimaplan for Hordaland 2010-2020 skal rullerast etter 4 år. Det er slått fast i Regional planstrategi 2012-2016. Rulleringsarbeidet starta opp etter at Fylkesutvalet vedtok planprogram i april 2013. Hovudvekt er lagt på energitemaet og tema om tilpassing til klimaendringar. Framlegg til ny klimaplan byggjer i stor grad på den førre planen, men alle kapitla er gjennomgått og justert, og det er nye målformuleringar på fleire tema.

Det vil bli arrangert høyringsmøte i mars 2014. Hovudmålgruppa for desse høyringsmøta er kommunane i Hordaland, men møta er opne for alle interesserte.

[Høyringsutkastet](#) er lagt ut på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no). Vi ber særleg om kommentarar og innspel på mål og strategidelen av planen, inkl. forslag til nye felles tiltak.

Kontaktperson er [Gudrun Mathisen](#), klima- og ressurs sjef i regionalavdelinga.

Høyringsfråsegner skal sendast seinast **23. april 2014** til:

E-post: [regional@hfk.no](mailto:regional@hfk.no)

og/eller

Postadresse: Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Klima- og naturressursseksjonen  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Tom Christer Nilsen  
fylkesordførar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/560-35  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	19/14	11.04.2014

## LingClim - ungdom og klima i Hordaland

### Samandrag

Prosjektet LingClim ved Universitetet i Bergen ønskjer å kome i kontakt med Ungdommens fylkesting og presentere prosjektet deira.

Prosjektet LingClim ved Universitetet i Bergen (UiB) har blant anna spurd elevar på vidaregåande i Hordaland om korleis dei oppfattar klimaendringar og kva dei tenkjer om framtidig utvikling ut ifrå dette. 2. april snakka fleire vidaregåande elevar og forskarar om dette på ein klimasamling på UiB:  
<http://www.uib.no/aktuelt/73131/norsk-ungdom-er-klima-optimister>

Prosjektet er veldig interessert i å kome i kontakt med Ungdommens fylkesting og vil gjerne presentere prosjektet for dykk.

### Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2014/560-28  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	20/14	11.04.2014

## Aktiv ungdom-prosjekt med Aberdeen Youth Council

### Samandrag

Ungdomspanelet i Møre og Romsdal ønskjer å invitere Ungdommens fylkesutval med på eit Aktiv ungdom-prosjekt i samarbeid med Aberdeen Youth Council.

*Tema:* "Scottish Independence Referendum – Knowledge Exchange on Democracy for the Young project (forkortelse: SIR-KEDY)

*Aktivitet:* Ungdomspolitisk møte(r) Meetings between Young People and Decision-Makers in the field of Youth promotes the active participation of young people in democratic life and facilitates discussions between young people and policy-makers.

*Tidspunkt:* 2015

*Koordinator/søknadskriver:* Aberdeenshire Youth Council. Dei vil gjere søknaden ferdig til fristen 1. oktober.

*Deltakarar:* Young participants: between 13 and 30 y/o (at least 30 young participants in total)

*Decision-makers:* no limit on age and geographical provenance

*Kostnader:* EU-støtte pluss ein eigen andel.

I 2012 initierte Hordaland eit (EU-støtta) ungdomspolitisk møte og inviterte ungdomspolitikarar frå Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane med på det. Asgeir Stavik Hustad er med på dette prosjektet, sjølv om han ikkje er med i Ungdomspanelet. Han var observatør på Ungdommens fylkesting i år.

Prosjektet er fortsatt i ein tidlig fase, så mange ting er ikkje på plass enda og det gir jo fordeler ift at ein kan vere med å påverke/utvikle prosjektet.

### Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

<p style="text-align: center;"><b>ERASMUS+: Scottish Independence Referendum – Knowledge Exchange on Democracy for the Young project</b></p>
--

Phase 1: Generating a project idea (completed in March 2014)

Phase 2: Identifying call for proposals (completed in April 2014)

**Phase 3: Project development phase (on-going)**

Coordinator: Nacire Sayeh

Liaising officer (Aberdeenshire Youth Council): Douglas Findlay

European partner: Romsdal Youth Council, Norway

---

Call for proposals identified and confirmed:

**Key Action 3: Support for policy reforms**

Structured Dialogue: Meetings between Young People and Decision-Makers in the field of Youth promotes the active participation of young people in democratic life and facilitates discussions between young people and policy-makers.

As such, I can now confirm that we are now entering the project development phase. Based on the requirements drafted in the call for proposals we have identified, I drafted a list of elements to take into account when developing the project. It is a necessary step to ensure that all parties to the project, including the youngsters involved, understand the remit of what can be covered through the project, the format that can be used and more generally the application process.

Such elements include:

- **General details about the call**
  
- **Articulating the project**
  
- **Award criteria**
  
- **Budget**

## General details

Project Acronym: SIR–KEDY project

Managing Authority: British council

Link: <http://www.erasmusplus.org.uk/>

Duration of the project: 3 to 24 months

Timeline: Projects to start between 1<sup>st</sup> January 2015 and 30 September 2015.

Budget: up to 50 000 euro

Co-financing: Flat rate

Notification of award decision: 4 months max from submission deadline

Number of participating organisations:

- Min 2 from at least 2 countries (International meetings)

Eligible participating organisations

- NGO
- European youth NGO
- Public body at local level

Eligible participants:

- Young participants: between 13 and 30 y/o
- Decision-makers: no limit on age and geographical provenance

Minimum number of participants:

- at least 30 young participants

Deadline: 1 October at 12 pm (midday Brussels time)

Link to the Erasmus + programme guide (pages 146 – 150)

[http://www.erasmusplus.org.uk/sites/default/files/erasmus-plus-programme-guide\\_en.pdf](http://www.erasmusplus.org.uk/sites/default/files/erasmus-plus-programme-guide_en.pdf)

## Articulating the project

Articulating the project has to be aligned to the call's requirements.

<http://www.erasmusplus.org.uk/key-action-3/meetings-between-young-people-and-decision-makers>

Such requirements include:

- Young people should be actively involved at all stages of the project

### **Structure**

The project has to be structured around 3 phases:

1. Planning and preparation

*For example: Dialogues possibly through Skype in preparation of an event (meeting or debate)*

## 2. Implementation of the activities

### 3. Evaluation (including reflection of a possible follow-up).

*This has to do with the indicators we must develop through the project (ex: number of participants attending, number of participants who voted etc...)*

#### **Format**

*Three possible options related to activities to be developed as part of the project:*

- Consultations of young people, with a view to find out their needs on matters relating to participation in democratic life (online consultations, opinion polls, etc...)
- Events that promote debates and information on youth policy themes linked to the activities organised during the European youth Week
- Meetings and seminars, information events or debates between young people and decision-makers / youth experts around the theme of participation in democratic life.

#### **Objectives**

- *Definition of structured dialogue*: name used for discussions between young people and youth policy-makers in order to obtain results which are useful for policy-making

- *Project objective*: Promoting the active participation of young people in democratic life and fosters debate around topics/ themes / priorities set by the Structured Dialogue and the renewed political framework.

- Look for priorities in the renewed political framework in the youth field  
[http://europa.eu/legislation\\_summaries/education\\_training\\_youth/youth/c11059\\_en.htm](http://europa.eu/legislation_summaries/education_training_youth/youth/c11059_en.htm)
- Priority will be given to projects that pursue one or more of the relevant priorities described in the introduction chapters on Youth in part B of the programme guide  
<http://www.erasmusplus.org.uk/key-action-3/meetings-between-young-people-and-decision-makers> (pp 28-29)

#### **Outputs**

Through participation to these events, young people are able to make their voice heard through the formulation of positions, proposals and recommendations) on how youth policies should be shaped and implemented in Europe.

- Looking at discussing issues with the aim of drafting positions
- Based on youth policies in the EU

## Award criteria

The European commission assessed projects based on 3 criteria:

- Relevance of the project (max. 30 points)
- Quality of the project design and implementation (max. 40 points)
- Impact and dissemination (max. 30 points)

To be considered for funding:

- proposals must score at least 60 points
- scoring at least half of the points for each category

Below is a more detailed summary:

### AWARD CRITERIA

Projects will be assessed against the following criteria:

<b>Relevance of the project (maximum 30 points)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ The relevance of the proposal to:               <ul style="list-style-type: none"> <li>- the objectives and priorities of the Action (Please see section "What are meetings between young people and decision-makers?" above )</li> <li>- the needs and objectives of the participating organisations and of the individual participants</li> </ul> </li> <li>▪ The extent to which the proposal is suitable of:               <ul style="list-style-type: none"> <li>- producing high-quality outcomes for participants</li> <li>- reinforcing the capacities of the participating organisations</li> </ul> </li> <li>▪ The extent to which the project involves young people with fewer opportunities</li> </ul>
<b>Quality of the project design and implementation (maximum 40 points)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ The clarity, completeness and quality of all the phases of the project proposal (preparation, implementation of mobility activities, and follow-up)</li> <li>▪ The consistency between project objectives and activities proposed</li> <li>▪ The quality of the practical arrangements, management and support modalities</li> <li>▪ The quality of the non-formal learning participative methods proposed and the active involvement of young people during all the stages of the project</li> <li>▪ The appropriateness of measures for selecting and/or involving participants in the activities</li> <li>▪ If appropriate, the quality of cooperation and communication between the participating organisations, as well as with other relevant stakeholders</li> </ul>
<b>Impact and dissemination (maximum 30 points)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ The quality of measures for evaluating the outcomes of the project</li> <li>▪ The potential impact of the project:               <ul style="list-style-type: none"> <li>- on participants and participating organisations during and after the project lifetime</li> <li>- outside the organisations and individuals directly participating in the project at local, regional, national and/or European levels</li> </ul> </li> <li>▪ The appropriateness and quality of measures aimed at disseminating the outcomes of the project within and outside the participating organisations</li> </ul>

## Budget

Maximum grant awarded: 50 000 euro

Budget: Flat rates apply. In other words, any costs going beyond and above those rates will have to be covered by partners.

We need to agree on a principle

Elements covered include:

*Travel cost:* unit cost (distance related)

Travel distance calculated using the distance calculator supported by the EC.

[http://ec.europa.eu/programmes/erasmus-plus/tools/distance\\_en.htm](http://ec.europa.eu/programmes/erasmus-plus/tools/distance_en.htm)

*Organisational support:* 40 euro per day and per participant

*Special needs support:* 100% of eligible costs (request for financial support to cover special needs support must be motivated in the application form)

*Exceptional costs:* 100% of eligible costs (request for financial support to cover exceptional costs must be motivated in the application form)

Arkivnr: 2014/560-32  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	21/14	11.04.2014

### "Utenforskap og inkludering" - deltaking

#### Samandrag

Ungt nettverk inviterar til seminar "Utenforskap og inkludering". Medlemene i Ungt Nettverk inviterar deg som jobbar med barn og unge, eller sjølv er ung, til ein dag om utanforskap og inkludering. Du møter dei og andre som delar kunnskap og erfaring om korleis vi hindrar utanforskap og korleis vi kan bidra til inkludering. Seminaret vert heldt i Oslo 28. april kl 10-15. Prisen er 800 kr om du ikkje er medlem og 200 kr for skuleelevar. Prisen inkluderer lunsj og materiell.

Ungdommens fylkesutval meiner det er naturleg at tilbodet om seminaret går til dei som jobbar med Opplæring og helse.

#### Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek at følgjande medlemar deltek på seminaret «Utenforskap og inkludering»:

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Birte Markeseth Aasen  
Leiar

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 07.04.2014**

Her startar saksutgreiinga

PS 22/14 Ymse